

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 10.12.2020
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Evy-Helen Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2020**

Arkivsak

2020/1529

Styresak 076/2020

Styremøte 18.12.2020

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2020 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet i november er eit overskot på 89 millionar, som er 85,2 millionar betre enn budsjett. Ekstra løyvingar knytt til pandemien og effekten av lågare lønnsoppgjjer enn budsjettert påverkar resultatet i sterk grad. Samla er effekten av desse postane er 82,2 millionar. Til no i år er resultatet eit overskot på 121,5 millionar, som er 89,3 millionar betre enn budsjett.

Estimert økonomisk effekt knytt til covid-19 er per november 95,3 millionar. Helse Førde har inntektsført 150,7 millionar av ekstraløyvingane. Administrerende direktør sin prognose for året er eit resultat som er ca 70 millionar betre enn budsjett. Dette heng saman med årsoppgjersposterar i desember.

Aktiviteten i november var lågare enn budsjett. Innanfor somatikken og utan H-resept var aktiviteten målt i DRG-poeng 89,7 prosent av budsjettert aktivitet og 94,8 prosent samanlikna med førre år. Administrerende direktør registrer at aktiviteten har hatt ein nedgåande trend dei to siste månadane samanlikna med budsjett og da spesielt innanfor dag/døgn i somatikken. Dette kan skuldast tilfeldig månadsvariasjon, men har truleg også ein samanheng med strengare nasjonale covid-19 restriksjonar i samfunnet som kan påverke behovet for helsetenester. I tillegg påfører strengare smittervernstiltak, drift av kohortar og tilgang på personell aktivitetsnivået vårt. Samla sett er administrerende direktør likevel godt nøgd med drifta og resultatet til no i år.

Innafor fag ser administrerende direktør at pandemien spesielt påverkar ventetider og fristbrot. Ventetid for ventande (nytilviste til utgreiing eller første behandling) er +12 dagar i år samanlikna med i fjor for somatikk. Også for dei som har fått starta helsehjelp ligg vi noko høgare i år enn i fjor, 67 dagar hittil i år mot 63 dagar hittil i fjor. Det er fokus på å få ned ventetidene, og ein forventar gradvis vidare nedgang. Først er det registrert 137 nye fristbrot i november. Dette svarer til 4,9% av alle med frist i november og er ein reduksjon frå oktober då dette talet var 7,3%. Det er ingen fristbrot innan psykisk helsevern.

Når det gjeld direkte timetildeling har det vore ei positiv utvikling frå 71% i oktober til 76% i november. Andel ikkje møtt er stabilt lågt med 0,9%, gjennomsnitt for Helse Vest er 3,3%. Vi ligg også stabilt lågt med 11 korridorpatientar, svarande til 0,2 %, gjennomsnitt for Helse Vest som er 1,0%. Færre pasientar generelt i november samt nedskalering av akuttmottak 2 er noko av årsaka til at medisinsk avdeling har hatt gledeleg reduksjon i korridorpatientar.

I psykisk helsevern er aktiviteten på døgnavdelingar høg, og det er spesielt høgt belegg på Akutt døgn og DPS døgn i Førde. Tilbakemelding som administrerende direktør har mottatt fortel at dette skuldast delvis fleire pasientar med dom til tvungent psykisk helsevern og varetektssurrogat som tek opp plassar i akuttposten over tid. Det vil etter administrerende direktør si vurdering vere naudsynt å sjå nærare på om etablering av ambulante tenester kan bidra til å redusere trykket på døgnseksjonane. Opning av tryggleikspost tidleg neste år vil vonleg og betre situasjonen noko.

Når det gjeld Trygg pleie ser vi at den gode utvikla held fram, og andelen risikovurderte held seg stabilt høg.

Sjukefråværet var i oktober 7,3%, som er på same nivå som i september. Dette er 1,3 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadane er 6,7 prosent, som er høgare enn tidlegare år. Administrerende direktør registrer samanlikna med førre månad ein auke i langtidsfråværet, medan det er ein nedgang i korttidsfråvær. Nivået må nok sjåast i samanheng med smittebølgje nummer to i pandemien og skjerpa karantenerreglar.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 57 dagar ved utgongen av november (61 i oktober). 45 i november 2019. Altså +12 frå i fjor.
- PHV: 14 dagar ved utgongen av november (13 i oktober). 13 i november 2019. Altså ingen endring.
- PBU: 22 dagar ved utgongen av november (22 i oktober). 22 i november 2019. Altså ingen endring.
- TSB (rus): 20 dagar ved utgongen av november (12 i oktober). 14 i november 2019. Altså +6.

Ventetid - Helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november var:

- Somatikk: 67 hittil i år (72 dagar i november) – måltal er 53. 63 hittil i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- PHV: 25 hittil i år (22 dagar i november) – måltal er 40. 27 hittil i fjor. Altså -2.
- PBU: 42 hittil i år (37 dagar i november) – måltal er 35. 39 hittil i fjor. Altså +3.
- TSB (rus): 28 hittil i år (21 dagar i november) – måltal er 30. 23 hittil i fjor. Altså +5.

Fristbrot – måltall 0 prosent,

- Førebels registrert 225 fristbrot på behandla pasientar i november svarande til 9,6 prosent av behandla i november (7,2 % i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,2 prosent.
- Førebels registrert 137 nye fristbot i november, svarande til 4,9 prosent av alle med frist i november (7,3 prosent i oktober).

Direkte timetildeling – måltall 100 prosent (ingen tentative timer)

Førebels 76 prosent for første time (71 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 81 prosent. 82 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timer (81 prosent i oktober). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 81 prosent.

Andel ikkje møtt

Stabilt lavt med 0,9 prosent (1,0 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,3 prosent.

Epikrisetider

- Innan 1 dag: somatikk 75 prosent i november og hittil i år 74 prosent (75 prosent i 2019). Psykisk helsevern 46 prosent i november og hittil i år 41 prosent (34 prosent i 2019)
- Innan 7 dagar: somatikk 94 prosent i november og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2019). Psykisk helsevern 93 prosent i november og hittil i år 94 prosent (89 prosent i 2019).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 11 korridorpasientar, svarande til 0,2 prosent (0,2 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,0 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

44 døgn i november, svarande til 0,9 prosent av alle liggedøgn (0,3 prosent i snitt i 2019). Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,9 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 34 strykingar av totalt 528 planlagde operasjonar svarande til 6,4 prosent (3,8 prosent i oktober). Gjennomsnitt for 2019 var 4,5 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

| Somatikk | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|--------------------------------------------|---------------|--------------|-------------|--------------|-------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik | Faktisk | Budsjett | Avvik | I fjor | Avvik |
| DRG-poeng dag/døgn, A | 1 607 | 1 857 | -250 | 1 720 | -113 | 17 599 | 19 550 | -1 951 | 18 779 | -1 180 |
| DRG-poeng poliklinikk, A | 482 | 489 | -7 | 492 | -10 | 4 532 | 4 844 | -312 | 4 699 | -167 |
| DRG-poeng biologiske legemiddel, A | 101 | 96 | 5 | 105 | -4 | 1 736 | 1 692 | 43 | 1 596 | 140 |
| DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B) | 52 | 42 | 10 | 45 | 7 | 550 | 556 | -6 | 568 | -18 |
| SUM DRG poeng produsert i HF (A+B) | 2 241 | 2 483 | -242 | 2 362 | -121 | 24 417 | 26 643 | -2 226 | 25 642 | -1 225 |
| DRG-poeng behandla andre regionar, (C) | 115 | 164 | -49 | 171 | -56 | 1 318 | 1 682 | -364 | 1 796 | -478 |
| Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C) | 2 305 | 2 605 | -301 | 2 488 | -183 | 25 185 | 27 769 | -2 584 | 26 870 | -1 685 |
| Tal dagkirurgi/dagbehandling | 1 331 | 1 296 | 35 | 1 272 | 59 | 13 265 | 13 235 | 30 | 13 218 | 47 |
| Tal sjukehusopphald | 1 338 | 1 635 | -297 | 1 491 | -153 | 15 727 | 17 357 | -1 630 | 16 641 | -914 |
| Tal polikliniske konsultasjonar | 10 856 | 11 167 | -311 | 10 264 | 592 | 100 519 | 111 169 | -10 650 | 108 327 | -7 808 |

Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,1 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, men 3,8 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 9,7 prosent lågare enn budsjett (- 242 poeng) og 5,1 prosent lågare enn førre året (- 121 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 8,6 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 6,3 prosent lågare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 8,4 prosent lågare enn budsjett (- 2226 poeng) og 4,8 prosent lågare enn fjoråret (- 1225 poeng).

Psykisk helsevern

| Psykisk helsevern | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|---------------------------------------|---------------|-------|----------------|--------|------------------|-------------|--------|----------------|--------|------------------|
| | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor |
| Psykisk helsevern vaksne | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 1 601 | 1 509 | 92 | 1 696 | -95 | 15 653 | 17 140 | -1 487 | 17 348 | -1 695 |
| Tal utskrivne pasientar | 97 | 90 | 7 | 95 | 2 | 968 | 970 | -2 | 989 | -21 |
| Poliklinisk dagbehandling | 8 | 10 | -2 | 23 | -15 | 150 | 92 | 58 | 246 | -96 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 2 245 | 2 498 | -253 | 2 509 | -264 | 22 004 | 24 073 | -2 069 | 23 558 | -1 554 |
| Rus | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 516 | 626 | -110 | 507 | 9 | 5 224 | 6 857 | -1 633 | 6 455 | -1 231 |
| Tal utskrivne pasientar | 12 | 17 | -5 | 18 | -6 | 168 | 221 | -53 | 227 | -59 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 254 | 262 | -8 | 265 | -11 | 2 488 | 2 888 | -400 | 2 558 | -70 |
| Psykisk helsevern barn og unge | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald UPH | 118 | 139 | -21 | 168 | -50 | 1 255 | 1 112 | 143 | 1 261 | -6 |
| Tal utskrivne pasientar UPH | 12 | 7 | 5 | 8 | 4 | 82 | 75 | 7 | 61 | 21 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 585 | 1 819 | -234 | 1 552 | 33 | 15 471 | 16 999 | -1 528 | 15 762 | -291 |

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne i perioden har vore høg for døgnbehandling, medan dagaktiviteten er litt lågare enn plan. Beleggsprosenten på DPS'a er 83 % i snitt. Akuttposten hadde 89 % belegg i perioden.

Innanfor TSB har aktiviteten i perioden vore litt lågare enn plan, og han er også lågare enn førre året. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 63 % i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore litt lågare enn plan, men om lag som same periode i fjor. 66 % belegg ved UPH i perioden.

Beleggsprosent døgnsesjonar



Beleggsprosenten i perioden er 83 % i snitt på DPS'ane, og 63 % på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 66 % i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 89 %.

ØKONOMI

| Helse Førde | Denne periode | | | Til no i år | | |
|------------------------------------|-----------------|-----------------|----------------|-------------------|-------------------|----------------|
| | Rekneskap | Budsjett | Avvik budsjett | Rekneskap | Budsjett | Avvik budsjett |
| Basisramme | 185 801 | 174 324 | 11 477 | 1 843 360 | 1 831 883 | 11 477 |
| Inntekter pasientbehandling | 64 998 | 68 946 | -3 948 | 671 072 | 728 964 | -57 892 |
| Øyremerka tilskot | 53 426 | 3 081 | 50 346 | 80 556 | 31 646 | 48 910 |
| Andre driftsinntekter / Eigendelar | 15 025 | 13 950 | 1 075 | 139 040 | 153 449 | -14 410 |
| Sum driftsinntekter | 319 250 | 260 301 | 58 949 | 2 734 028 | 2 745 942 | -11 915 |
| Kjøp helsetenester | -11 576 | -13 347 | 1 772 | -119 220 | -154 297 | 35 077 |
| Varekostnad | -27 798 | -25 447 | -2 351 | -290 001 | -266 451 | -23 551 |
| Innleige personell | -3 370 | -772 | -2 598 | -34 673 | -16 244 | -18 429 |
| Personalkostnader | -128 095 | -150 031 | 21 935 | -1 547 724 | -1 553 236 | 5 512 |
| Pensjonskostnad | -14 854 | -14 854 | 0 | -161 401 | -161 401 | 0 |
| Ordinære avskrivningar | -5 988 | -6 500 | 512 | -67 139 | -71 500 | 4 361 |
| Andre driftskostnader | -38 576 | -45 381 | 6 806 | -393 115 | -489 190 | 96 075 |
| Sum driftskostnader | -230 256 | -256 332 | 26 076 | -2 613 273 | -2 712 319 | 99 046 |
| Driftsresultat | 88 994 | 3 969 | 85 025 | 120 755 | 33 624 | 87 131 |
| Finansinntekter | 169 | 200 | -31 | 2 948 | 2 200 | 748 |
| Finanskostnader | -116 | -336 | 220 | -2 196 | -3 659 | 1 463 |
| Finansresultat | 54 | -136 | 189 | 752 | -1 459 | 2 211 |
| Ordinært resultat | 89 048 | 3 833 | 85 215 | 121 507 | 32 165 | 89 342 |

Perioden

Resultatet i perioden var eit overskot på 89 millionar, som er 85,2 millionar betre enn budsjett. Resultatet i perioden er sterkt påverka av ekstra løyvingar i samband med pandemien og effekten knytt til lønnsoppgjer for 2020. I november er det inntektsført 59,2 millionar knytt til pandemien og 23 millionar knytt til lønnsoppgjeret. Til saman utgjer dette 82,2 millionar.

Justert for desse postane er resultatet for november 3 millionar betre enn budsjett. Sjølve drifta er i balanse da dette i hovudsak er knytt til H-resept, pasienttransport, gjestepasientkostnader, avskrivning og finans.

Basisramma og øyremerka midlar er betre enn budsjett som følgje av inntektsføringa av ekstra løyvingar knytt til pandemien. Inntektene frå pasientbehandling er bak budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett og dette gjeld spesielt på dag og døgn innanfor somatikken. Andre driftsinntekter er 1,0 millionar betre enn budsjett. Av dette er 1,4 millionar knytt til inntektsføring av sysselsettingsmidlar i samband med Covid-19. Andre driftskostnader består av eigendel, refusjon frå Helfo, utanlandske pasientar og anna inntekt.

Sum driftskostnader i perioden er 26,1 millionar lågare enn budsjett. Det største avviket er knytt til personalkostnader på 21,9 millionar og heng saman med lønnsoppgjeret. Det er meirforbruk på innleige som i hovudsak er knytt til pandemien. Når det gjeld meirforbruk på varekostnader er dette kreftmedikament, H-resept og insulin. Varekostnaden til H-resept er 1,2 million høgare enn budsjett. Samtidig er inntektene noko høgare slik at resultateffekten er negativt med 1,1 million.

Mindreforbruk på kjøp av helsetenester er knytt til gjestepasientar innan somatikk og noko på psykisk helsevern. Andre driftskostnader er 6,8 millionar betre enn budsjett. Den første ekstraløyvinga i samband med covid-19 er lagt inn som auke basisramme og auke i andre driftskostnader på budsjetteknisk med 6,8 millionar. Pasienttransport bidreg positivt med 1,6 millionar.

Akkumulert

Akkumulert resultat er eit overskot på 121,5 millionar, som er 89,3 millionar betre enn budsjett. Økonomiske konsekvensar av covid-19 er estimert til 95,3 millionar. I tillegg har HFD investert 14 millionar i medisinsk teknisk utstyr. Per november har HFD inntektsført 150,7 millionar av samla ekstraløyving på 158,5 millionar. I tillegg har lågare lønnsoppgjer enn budsjettert bidrege positivt til at resultatet er betre enn budsjett. Samla forklarar dette 78,4 millionar av avviket mot budsjett.

Inntektene er 11,9 millionar lågare enn budsjett. Inntekter frå pasientbehandling er påverka av pandemien. Pasientbehandling er 57,9 millionar bak budsjett og andre driftsinntekter er 14,3 millionar bak budsjett, som i hovudsak er knytt til eigendelar og refusjon frå Helfo. Positivt avvik på basisramma og øyremerka midlar er ekstra løyvingar som HFD har fått i november for å handtere pandemien, som til saman utgjør 59,2 millionar.

Driftskostnader er 99 millionar lågare enn budsjett. Kjøp av helsetenester har eit mindreforbruk på 35,1 millionar. Dette er i hovudsak knytt til reduserte gjestepasientkostnader innan somatikk som følgje av covid-19, samt noko på kjøp av tryggleiksplassar i PHV.

Varekostnadane er 23,5 millionar høgare enn budsjett. Meirforbruket er innanfor områda kreft, medisinsk heimebehandling og H-resept. Innanfor H-resept er inntektene 1,2 millionar over budsjett, men kostnadane er 8,1 millionar høgare enn budsjett. Resultateffekten av H-resept er negativ med 6,9 millionar.

Personalkostnader og innleie av personell har eit samla meirforbruk på 12,9 millionar. Effekten av covid-19 er estimert til 39,8 millionar, men på grunn av lønnsoppgjeret er avviket lågare.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 96 millionar. Dette er på grunn av at første løyving knytt til covid-19 er budsjettert på denne rekneskapslinja, som til no i år utgjør 81,4 millionar. I tillegg har pasienttransport hatt 14,9 millionar lågare kostnader enn budsjett. Resultateffekten for pasienttransport er positiv med 11,5 millionar på grunn av lågare inntekter enn budsjettert.

Likviditet

Per utgangen av november 2020 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 260,4 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 299,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i oktober 7,3 prosent. Det er 1,3 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og på same nivå som førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadane er 6,7 prosent.

Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2375. Dette er 83 fleire enn same periode i 2019.
Netto månadsverk i perioden var 2210. Dette er 67 fleire enn same periode i 2019.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste 12 månedene.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal kartleggast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde er 80 prosent i perioden mot 77 prosent i førre månad.



Snittet for Helse Førde er 76 prosent i perioden mot 75 prosent i førre måned.



Snittet for Helse Førde er 65 prosent i perioden mot 65 prosent i førre måned.

Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. HFD er innanfor måltalet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.

Akuttmottak



Tid for oppstart av antibiotika på raude og oransje pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt, og HFD hadde høgare mediantid enn målet.

Oppstart av antibiotika

